

Saksbehandlar: Øystein Hunvik, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 16/9314-4

## Søknad om ruteløyve Aurland - Sogndal skuleåret 2017/2018

### Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

- 1 Aurland kommune får ruteløyve for skuleåret 2017/2018 på fylgjande vilkår:
- Løyvet gjeld frå 21.08.2017 til 22.06.2018 på skuledagar
  - Det er kun tillate å ta på og sette av passasjerar som er heimehøyrande i Aurland kommune
  - Ruta kan ikkje nytte mellomliggande haldeplassar, med unntak av Fodnes for elevar til/frå Årdal vidaregåande skule
  - Rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein kontroll.

### **Vedlegg:**

Søknad om ruteløyve skuleåret 2017/2018 – busstransport Flåm – Aurland – Fodnes - Sogndal

## SAKSFRAMSTILLING

### **1. Bakgrunn for saka**

#### Grunnen for at saka er fremja

Aurland kommune har i brev datert 15.06.2017 søkt om at ruteløyve dei har for skuleåret 2016/2017 vert forlenga til skuleåret 2017/2018.

Aurland kommune har dei siste åra køyrt direktebuss mellom Aurland og Sogndal Vidaregåande for at elevane frå Aurland skal få minst mogleg reisetid.

#### Historikk - tidlegare vedtak

Tidlegare hadde ikkje Aurland kommune ruteløyve, men for å kunne tilby skuleelevar som ikkje reiser fast å vere med bussen, søkte kommunen i desember 2016 om å få ruteløyve for skuleåra 2016/2017 og 2017/2018.

Sidan søknaden kom inn i desember 2016 vart søknaden behandla administrativt og det vart gitt løyve for skuleåret 2016/2017 med fylgjande vilkår:

- Løyvet gjeld frå 01.01.2017 til 16.06.2017 på skuledagar
- Det er kun tillate å ta på og sette av passasjerar som er heimehøyrande i Aurland kommune
- Ruta kan ikkje nytte mellomliggande haldeplassar, med unntak av Lærdal for elevar til/frå Årdal vidaregåande skule

d) Rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein kontroll.

Hovudutval for samferdsle vart informert om ruteløyvet gjennom skriv og melding i møte 14. februar 2017.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Bussruta det her er snakk om er finansiert av fylkeskommunen og Aurland kommune. Fylkeskommunen dekker kostnader tilsvarande det det ville kosta å etablere fylkeskommunal skyss mellom Aurland og Sogndal. Ruta er ikkje i konkurranse med anna rutetilbod.

## **3. Konklusjon**

Ruta Aurland kommune tilbyr er eit godt tiltak for å gjere det mulig for ungdommane frå Aurland å bu heime eller besøkje heimkommunen oftare enn dei ville gjort om dei budde på hybel.

Ruta er ikkje i konkurranse med eksisterande ruter og fylkesdirektøren er difor positiv til at Aurland kommune får ruteløyve for skuleåret 2017/2018.